

Merknader til detaljregulering for Helldal småbåthamn og strandsone

PlanID 46302022001

Dato for merknadene: 07.09.2023

1. Bakgrunn

For snart tolv år sidan, i desember 2011, vart det gjort framlegg om eit bustadområde på Hoshovdstølen, og til denne planen er det også lagt til ei stor båthamn. Same år og månad kom det framlegg om eit hyttefelt på Helldal som grensar opp mot Hoshovdstølen. Ein reguleringsplan for Helldal hyttefelt vart vedteken i 2013, men situasjonen for planen om Hoshovdstølen er framleis uavklart på grunn av rekkjefølgjekrav om gangveg til Hosanger.

Planen om ei småbåthamn er nyleg teken ut av planutkastet for Hoshovdstølen, der det seinast var med under høyringa i 2021 (planID 46302019003). Reguleringa av båthamna blir no fremja som ein isolert plan, som berre omfattar ein avgrensa del av hamna og den nærmaste strandsona på Helldal.

Rett nok er det på dispensasjon lagt ut ei flytebrygge på Helldalssida av hamna. Dispensasjonen er gjeven for fire år, og pkt. 2 i vedtaket frå kommunen 09.06.2022 i sak 153/22 set ei streng grense for tiltaket:

Løyvet fell bort 25.05.2026 og tiltakshavar skal fjerne tiltaket og sende dokumentasjon til kommunen som syner at tiltaket er fjerna innan 30.06.2026, jf. plan- og bygningslova § 19-3.

Vi meiner det er forhasta av kommunen å vedta ei detaljregulering for dette planområdet før saka er grundigare opplyst og behovet klarare definert. Ein uavklart plan for Hoshovdstølen og tre selde hyttetomter i Helldal hyttefelt kan ikkje seiast å gje grunn til særleg hast. Ei eventuell utbygging må under alle omstende vente til den nyss utlagde flytebrygga blir fjerna sommaren 2026 i samsvar med kommunens vedtak. Då veit ein også meir om utsiktene for Hoshovdstølen og Helldal hyttefelt, og ein kan betre vurdere kor stort grunnlaget er for ei båthamn.

2. Kart- og illustrasjonsmateriale

I den framlagde reguleringsplanen ser vi berre eit kart over reguleringsområdet, ikkje over heile hamna, og vi får dermed ikkje noko inntrykk av kor langt ut båthamna vil strekkje seg.

Særleg viktig er avstanden til den gamle badestranda, Plyttaneset, på motsett side (under bruk 87/3). Plyttaneset er ein badeplass som har vore i bruk i fleire generasjonar. Den ligg rett på andre sida av Helldalsholmen, men blir ikkje vist i kartmaterialet for regulerings-saka. Badeplassen har sitt namn etter familien Blytt (jf. Odd Vevle, *Stadnamn i Mjøsdaalen*, 2001, s. 26). Mange på Hoshovde er faste brukarar av denne stranda, og fleire barn har lært å svømme på den fine grunna her. Vatnet er varmare her og sjøen stillare enn lenger ute.

I planskildringa frå arkitektgruppa Cubus er det rett nok ein illustrasjon som viser plasseringa av båthamna i forhold til Hoshovde og badeplassen på Plyttaneset (sjå neste side). Denne skissa oppfatter vi som misvisande ettersom den gjev inntrykk av at det er ganske stor avstand over til Hoshovde, og at sundet mellom Helldalsholmen og Plyttaneset er vidare enn det faktisk er. Den innteikna båten kan neppe vere i rett målestokk.

Merknader til detaljregulering for Helldal småbåthamn og strandsone



Illustrasjonsfoto på forsida av planskildringa frå Cubus, sist revidert 21.04.2023. Rett nok blir landskapet gråare når det kjem på avstand, men så langt er det verkeleg ikkje til Hoshovde.



Etter førespurnad har Cubus 31.08.2023 levert denne målsette kartskissa. Den viser at brygga strekkjer seg 82,5 meter ut i bukta, og at avstanden frå det yteste punktet til Plyttaneset er 77,6 meter. Frå Plyttaneset til Helldalsholmen er det berre 56,4 meter. Den omsøkte småbåthamna vil bli eit dominerande og disharmonisk innslag i ei naturskapt og variert hamn.

3. Særskilt verdi og vurdering av hamna

Hamna mellom Hoshovde og Helldal ligg uvanleg fint til, og den skil seg også ut ved at nausta som ligg ut mot hamna har ei einskapleg utforming og ein beskjeden målestokk. Dei dannar ein heilskap med høg eigenverdi. Det er vanskeleg å sjå at ei svær småbåthamn vil passe inn i dette området. Ein slik skepsis ser vi også at statsforvaltaren har gjeve uttrykk for i ei fråsegn frå Fredrik Arnesen datert 31.08.2022 (under merknadene til reguleringsplanen):

Det er store strandsoneverdiar i bukta ved Havnen. I 100-metersbeltet langs sjø skal det i tillegg takast spesielt omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Planforslaget må difor ta spesielt omsyn til desse tilhøva.

Vi meiner at hamna har så høge verdiar med omsyn til dei nemnde forholda at det er nødvendig med ei særskilt og heilskapleg vurdering.


4. Marknad for småbåthamna

Vi er klar over at det er folk i nærområdet, på Osterøy og i regionen (m.a. Bergen) som allereie no kan ha interesse av båt plassar. Men då er det ikkje lenger tale om ei småbåthamn tilpassa den lokale utbygginga og nærområdet, men om eit større, forretningsmessig og regionalt prosjekt. Strandsoneplanen for Osterøy vedteken i 2018 (planID 12532014007) drøftar aktuelle båt plassar i kommunen og nemner særskilt Lonevåg som ein aktuell stad for utbygging (jf. pkt. 3.4 Småbåthamnar, s. 22–23). Hoshovde og Helldal er ikkje nemnt i det heile under gjennomgangen av aktuelle småbåthamner.

Elles går det fram av denne planen at det ikkje har vore mogleg å finne fram til eigna løysingar i Haus og Valestrand, noko som viser at det er konfliktfylt med utbygging av båthamner. Konfliktane er etter vårt syn minst like store for den planlagde båthamna mellom Helldal og Hoshovde.

5. Stenging av sundet sør for Helldalsholmen

I planskildringa frå arkitektgruppa Cubus er det lagt opp til at sundet sør for Helldalsholmen skal stengjast for all ferdsel, markert med raude x'ar på kartet (attgjeve her; jf. s. 27 og 35 i planskildringa).



Ettersom det er så grunt i dette sundet at sjølv små fritidsbåtar ikkje kan gå gjennom anna enn i beste fall på høgvatn, handlar dette om å stenge sundet for kanoar og kajakkar.

Det kan sjå ut til at stenginga er gjord av omsyn til fuglelivet på Helldalsholmen (s. 27, 2. avsnitt). Det er vel og bra at ein tek omsyn til fuglane på holmen, men dette må få konsekvensar for fuglelivet på *heile* holmen, også den delen som vender mot Hoshovde, og like eins for fuglelivet på Pyttaneset, der det årvisst hekkar tjeld.

6. Konflikt med badeplassen på Plyttaneset og behovet for ein utvida ROS-analyse

Som nemnt ovanfor er badeplassen på Plyttaneset mykje brukt av folk på Hoshovde, og sjølv om det i dag er ein viss konflikt med båttrafikken i sundet, er dette enn så lenge ein liten konflikt. Det er rett og slett ikkje så mange som ferdast i båt inn og ut av hamna. Men om ein skulle finne på å byggje ut ei småbåthamn med rundt 60 båtplassar, vil konflikten bli påtakeleg. Avstanden frå badeplassen til Helldalsholmen er som vist ovanfor 56,4 meter, og båtane vil jamt over leggje seg midt i farleia. Dette ser vi som eit alvorleg tap for lokalmiljøet, og vi kan ikkje sjå at det er lagt inn avbøtande tiltak. Vi meiner det må klarleggjast kva for tålegrenser det er for båttrafikk like ved badeplassar.

Arkitektgruppa Cubus har levert ein ROS-analyse for Helldal småbåthamn og strandsone datert 09.12.2022 (planID 46302022001) der dei drøftar spørsmålet om farlei, og under pkt. 30 heiter det:

Planforslaget kjem ikkje i konflikt med farlei. Det regulerast inn eige farlei aust for Helldalsholmen for å tydeleggjera ønsket om å styre trafikk og aktivitet hit, og dermed beskytte området mellom den nye moloen og Helldalsholmen.

Dei har altså valt å flytte all ferdsel til og frå hamna *utanfor* planområdet. Det er eit uforsvarleg snevert perspektiv. Vi minner om at det hekkar fugl på heile holmen og også på Plyttaneset. Det er fortjenestefullt å ta omsyn til hekkande fuglar i planarbeidet, men ein kan vere så fri å meine at det bør vere eit vern av badande folk også.

7. Oppsummering

Våre merknader til den framlagde reguleringsplanen botnar i eit sterkt ønske om å ta vare på ei hamn med uvanleg høge verdiar, anten ein tenkjer på landskapet, kulturverdiane eller friluftinteressene. Etersom Helldalsholmen og grunna sør for denne stengjer av hamna, er den særskilt sårbar for utbygging av ei svær småbåthamn. Det er berre ei smal farlei inn i hamna, og der er det ein alvorleg konflikt med både folk og fuglar.

Vi oppmodar kommunen til å ta ein tenkjepause i saka og hente inn fleire vurderingar. Som nemnt i innleiinga er det ingen hast: Etter snart tolv år er utbygginga av Hoshovdstølen framleis uavklart og det er hittil selt tre hyttetomter på Helldal, ti år etter at reguleringsplanen vart vedteken.

Kopi: Statsforvaltaren i Vestland

Merknader til detaljregulering for Helldal småbåthamn og strandsone

Underskrifter

Anne Lise Hoshovde
ANNE LISE HOSHOVDE
HOSHOVDE 32

Ann Kari Bjørge
ANNE KARI BJØRGE
HOSHOVDE 34

Odd Einar Haugen
ODD EINAR HAUGEN
HOSHOVDE 34

Marit Bjørge
Marit Bjørge
Hoshovde 38

Ketil Låstad
KETIL LÅSTAD
HOSHOVDE 36

Sidse Bjørge Låstad
SIDSEL BJØRGE LÅSTAD
Hoshovde 38

Ruth Thomassen
Osterøyvegen 1951
Ruth Thomassen
Hoshovde 77

Morten Hoshovde
MORTEN HOSHOVDE
HOSHOVDE 40

Astrid Matre
ASTRID MATRE
HOSHOVDE 66

Sandra H. Matre
Sandra H. Matre
Osterøyvegen 1959

4630-87/42
Tor Tveiterås
TORE TVEITERÅS

Monica Matre
Monica Hoshovde Matre
Hoshovde 66

4630-87/42
F. Vassdal
JOHNNY VASSDAL

4630-87/42
Lise Vassdal
LISEVASSDAL

Dina og Jan (Magne)
Kalleklev
Osterøyvegen 2034
DINA OG JAN MAGNE KALLEKLEV
OSTERØYVEGEN 2034

Liv Elin Nordvik
LIV ELIN NORDVIK
Rolf Hanstveit
ROLF HANSTVEIT
Hoshovde 30